



Arkivnr: 2015/12-79  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		20.08.2015

### Klagesak - tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

#### Samandrag

Saka gjeld handsaming av klage på vedtak i Kultur- og ressursutvalet, fatta den 02.06.2015, om fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2015. Etter tildelinga er det kome inn klage frå 1 søkar.

Klagen er førebudd av Kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet til ny vurdering jf. forvaltningslova § 33, 2.ledd. Dersom Kultur og ressursutvalet ikkje fattar vedtak om omgjering, vert sakene sende Kulturdepartementet for endeleg avgjerd jfr forvaltningslova § 33 fjerde ledd. Kulturdepartementet har utarbeidd kriteria og retningslinene for tildelinga av desse midlane.

Sportsklubben Baune klagar på at søknad er avslått med grunngjeving mangelfull leigeavtale med Statsbygg og klager på vedtaket. For å få spelemidlar til idrettsanlegg må søkjar ha rett til bruk av grunnen der anlegget ligg. Denne retten skal dokumenterast i ei avtale av minimum 30 års varigheit ref pkt 2.2.5 i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. SK Baune søkte om spelemidlar til ei lysmast på grunn der dei har leigeavtale. Fylkesrådmann tilrår ikkje å godkjenne søknad da dei ikkje har leigeavtale på hele banen

#### Forslag til vedtak

1. Bergen kommune – Sportsklubben Baune anleggsnr 1201 0043 07 Lysmast  
Kultur- og ressursutvalet opprettheld at søknad ikkje vert godkjend

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 02.07.2015****Bakgrunn**

Saka gjeld handsaming av klage på vedtak i Kultur- og ressursutvalet, fatta den 02.06.2015, om fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2015. Etter tildelinga er det kome inn klage frå 1 søkar innan fristen.

Klagen er førebudd av Kultur og idrettsavdelinga i samsvar med forvaltningslova kap. VI, og vert lagt fram for Kultur- og ressursutvalet til ny vurdering jf. forvaltningslova § 33, 2.ledd. Dersom Kultur og ressursutvalet ikkje fattar vedtak om omgjerding, vert sakene sende Kulturdepartementet for endeleg avgjerd jfr forvaltningslova § 33 fjerde ledd. Kulturdepartementet har utarbeidd kriteria og retningslinene for tildelinga av desse midlane.

**Om ordninga**

Statleg støtte til anleggsføremål vert kanalisert via fylkeskommunar og kommunar. Fylkeskommunen fordeler kvart år spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet med heimel i lov om pengespel (Kulturdepartementet, 2014) og føresegner gitt ved kongelig resolusjon av 3. april 1987. Meir detaljerte føresegner er gitt i "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet" (V-0732). Regelverket for tildeling av spelemidlar til ordinære anlegg for idrett og fysisk aktivitet, nærmiljøanlegg og anlegg for friluftsliv i fjellet vart kunngjort i Kulturdepartementet (KUD) sitt rundskriv V-967 B datert 13. juni 2014.

Dei som kan søkje er eigar av anlegget. Dette kan vere: fylkeskommunar, kommunar, idrettslag/ organisasjonsledd i NIF, studensamskipnader, samanslutningar organiserte under Norges Jeger og Fiskeforbund, Den Norske Turistforening, Norges Bilsportforbund eller Det frivillige Skyttervesen, aksjeselskap/allmennaksjeselskap og kommunale føretak, stiftingar, andre samanslutningar, medrekna til dømes burettslag og velforeiningar. Samanslutningar organiserte under Friluftsrådernes Landsforbund kan søkje om tilskot til særlege anlegg.

Søknad om støtte til bygging av anlegg fremjast til fylkeskommunen gjennom kommunen der anlegget er planlagt bygd, innan 15. januar. Alle søknader om spelemidlar vert levert fylkeskommunen elektronisk gjennom [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no). Fylkeskommunen går gjennom alle søknader, og godkjente søknader sendast KUD innan 15. mars. Departementet fastsett ramma til fylkeskommunane innan 1. mai, og fylkeskommunane gjer ei detaljfordeling av midlane til kommunane. Oversikt over fordelinga til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg vert sendt departementet i løpet av juni kvart år. Alle søkarane skal vere underretta innan 1. juli 2015.

**Klage:****Bergen kommune – Sportsklubben Baune**

SK Baune søker om spelemidlar til å sette opp ei mast på grusbanen på gamle Lærerrhøgskulen. Halve banen eig Bergen kommune og halve banen eig Statsbygg. Sportsklubben Baune har ingen formell leigeavtale med Statsbygg. Dei hadde 1 års leigeavtale for oppsett av lysmast, men da lysmastene skulle monterast var leigeavtalen gått ut. På grunn av pågåande sal av Statsbygg eigedomen til Bergen kommune nekta Statsbygg SK Bause ny leigeavtale. Bergen kommune kunne heller ikkje gi leigeavtale for det området, da Bergen kommune ikkje er heimelshavar.

**Ny vurdering:**

Sportsklubben Baune klagar på at søknad er avslått med grunngjeving mangelfull leigeavtale med Statsbygg og klagar på vedtaket. For å få spelemidlar til idrettsanlegg må søkjar ha rett til bruk av grunnen der anlegget ligg. Denne retten skal dokumenterast i ei avtale av minimum 30 års varigheit ref pkt 2.2.5 i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. SK Baune søkte om spelemidlar til ei lysmast på grunn der dei har leigeavtale. Fylkesrådmann tilrår ikkje å godkjenne søknad da dei ikkje har leigeavtale på hele banen.

Etter dette kjem fylkesrådmann til følgjande tilråding:

Klage vert ikkje tatt til fylgje